

# Osingen



Årsskrift 1995  
Utgjeve av Os Mållag  
11. årgang

# Osingen

Utgjeve av  
Os Mållag

1995

## INNHALDSLISTE:

Henning Henriksen:  
*Fred og fargerik sameksistens* ...side 1

Brita Moberg:  
*Underlege dagar i 1945* .....side 2

Gustav Moberg:  
*Haugneset i krigsåra -  
frå fotballspel til fangeleir* .....side 3

Johannes Vedholm:  
*Det store bensineventyret  
Krigsdramaet ved Alholmen  
hausten 1944* .....side 8

Henning Henriksen:  
*Den gamle fiskaren  
ser attende* .....side 11

Øystein Sjøfteland:  
*Ulven som fangeleir  
i krigstida* .....side 12

Barnesider:  
*Elevar i 6. klasse  
ved Lysekloster skule* .....side 16

Mona Svenner Solberg  
Elisabeth Wik:  
*Os Sanitetsforening -  
ein viktig ressurs i Osbygda* ....side 19

Henning Henriksen:  
*Julekveld* .....side 21

Kåre Herdlevær:  
*Om Øvreidsætra - støsliv  
og litt til* .....side 22

### Framsida:

Sanitetshuset. Foto: Os og Fusa Posten

Skriftnemnda:  
Anna Margreta Lunde  
Elfrid Moberg  
Kåre Herdlevær  
Samson Bjørke

### Teikning:

Åshild Skaatun

### Trykk:

Geo Grafisk AS Bergen

**KR. 25,-**

# Til lesaren

Os Mållag kan i år sjå tilbake på 75 år i arbeid for nynorsk målbruk. Eit attersyn over arbeidet i laget i desse 75 åra sto i OSINGEN 94, då skriftnemnda fann det rett å ha omtalen i forkant av jubileumsåret. Omtalen viser at det tidvis har vore eit aktivt lag, som har lagt ned eit stort arbeid innanfor sitt idègrunnlag. Den viser også at arbeidet som er lagt ned har gitt resultat som det står respekt av. Frå arbeid med nynorsk i den offentlege administrasjonen, nynorsk liturgi og salmebok, til skulemålsarbeid dei siste ti-åra. Dette siste har gjeve godt resultat. I 1995 er det såleis berre to bokmålsklassar i barneskulane i Os, og bokmålsprosenten i barneskulen er i no på knapt 2,0.

Året i år står også i 50-årsmarkeringa for freden i 1945 sitt teikn. Skriftnemnda har meint at også OSINGEN må vera med på denne markeringa. Det har vore skrive mykje om dette emnet, men vi meiner å ha funne fram til stoff som ikkje har vore presentert før. For dei som ikkje opplevde krigstida, og fredrusen i 1945, er det viktig at dei kan få eit visst innsyn i korleis denne tida vart opplevd i Os. For dei av oss som er innflyttarar er det serleg viktig at vi kjenner til dette stoffet.

Henning Henriksen går ut av skriftnemnda no. Han har vore ei drivande kraft i arbeidet med årsskriftet, både i det førebuaende arbeidet kvart år, og med stoff både i prosa og poesi. I takksemd for arbeidet han har lagt ned tek vi med noko av den fine poesien han har laga. - Nytt medlem i nemnda vert Gustav Moberg, som vi ønskjer velkomen.

I samband med jubileet sender vi ei serleg helsing til alle trufaste kjøparar, og lesarar av OSINGEN. At årsskriftet, som like gjerne kunne ha vore kalla eit lokalhistorisk årsskrift, vert teke vel imot, er den største inspirasjonen i arbeidet.

## God Jul

Helsing frå skriftnemnda

*Helsing*

Til .....

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå .....

# FRED OG FARGERJK SAMEKSJSTENS

av Henning Henriksen

*Lat oss stikka vårt sverd i det faste fjell!*

*Lat oss skapa ei verd utan våpensmell!*

*Lat oss kjempa og tru på ein morgondag  
der alle får leva i fred i lag!*

*Sjå regnbogen står over framtida vår!  
Ein fargerik sameksistens han spår.*

*Frå framande land kjem søstret og bror.  
Dei kjem frå krig og valdsværk i sør.*

*Her vil dei byggja med oss og bu,  
og deira venner vert eg og du.*

*Vennskapsband ut over grensene  
er ein god garanti for fred.*

*Eg opnar mitt hjarta for søster og bror  
som flyktar hit til vårt kalde nord.*

*Om vintersnø fell og fjord frys til is,  
me saman kan skapa vårt Paradis.*



*H*

# UNDERLEGE DAGAR I 1945

**BRITA MOBERG SKREIV NED KVA SOM HENDE I OS DEI FØRSTE DAGANE I FREDSÅRET 1945. MED VELVILJE FRÅ GUDRUNN MOBERG KJEM HER EIT UTDRAG AV NEDTEIKNINGANE.**

Lufta dirra av spenning dei første maidagane. Heile måndag 7. mai spurde me kvarandre: «Høyrrer du noko?» - Men kl. 0630 om ettermiddagen slo handelsmann R. Hylland opp vindaugo sine og let alle folk få høyra på radio at Tyskland hadde overgitt seg utan vilkår til dei allierte. Osøyro var svart av folk og 2-3 min. seinare vaia det norske flagget på alle stenger, trass i at kunngjeringa ikkje var stadfesta offisielt.



**Bernt Børretzen tek imot flagget.  
Foto: Lokalhistorisk arkiv.**

Tysdag 8. mai kom den offisielle kunngjeringa. Då la alle arbeidet vekk. Kyrkjeklokkene kima ein heil time, og så fyltes kyrkja av festkleddede menneske. Ei takkegudsteneste som aldri kan gløymast.

Onsdagskvelden 9. mai låg heile Osøyro bada i lys. Me venta på dei første fangane som hadde slept fri. Dei kom mellom kl. 11 og 12, stansa ved brua, vart så borne på gullstol rundt Osøyro og opptoget stoppa ved bensintanken ved Forbruksforeninga. Der heldt sokneprest Flåtten tale, hornmusikken spelte og fedrelandsongen ljoma over Osøyro. Alle jubla i kor.

Torsdag (Kristi Himmelfartsdag) var dagen

då heimefronten tok hand om dei som ikkje hadde vore på rett sida under fridomskampen.

Fredag 11. mai kom dei fleste andre osingane heim som hadde site på Grini. Det var ei ugløymande stund då dei møtte att sine næraste. Då var det ikkje mange turre augo å sjå. Bernt Børretzen, som hadde site lengst, sto i midten og alle dei andre fangane laga ring. Dei vart overstrødd med blommar og alle ropte VELKOMMEN. Daniel Grindevoll heldt velkomstalen. Etterpå fekk alle helsa på dei. På same tid kom dei russiske fangane frå Ulven og folk stilte seg til kvar kant slik at russarfangane passerte gjennom den festkleddede folkemassen mot kaien. Der var det båtar som førde dei til Bergen. I det same kom fleire båtar med tyskarar til kaien. Desse skal til Ulven og bli avvepna. - Ei underleg røre! Det ser ut som heile verda er på flyttefot. Laurdag og sundag er her framleis tyskarar som kjem til Osøyro og dreg til Ulven. Kaien ser ut som eit flyttelass.

Dagane framover er metta av spenning. Kvar dag er det nye opplevingar av ymse slag. Spennande avislesing. Me les om grusomme ting som «vore beskyttere» har gjort mot landsmennene våre overalt.

Så opplever me 17. mai på ein måte som me aldri kan gløyma. Medan folk samla seg på Osøyro kom eit kompani av heimestyrkane våre, «Bjørn Vest», marsjerande. Det var osingar som var i Matrefjella og som hadde vore i kamp med tyskarane der. Dei vart mottekne med jubel og hurrarop og dei stilte seg i toget, som var stort og underleg samansett. Alle fangane, dei var over 100. Alle radiolyttarane, som også var mange, sikkert 100. Alle som hadde vore med på illegalt arbeid, det var svært mange. Me hadde 2-300 rømlingar i Os.

Så var det jo nokre som kom frå Tysklandsleirane, men dei kom seinare. Det var berre ein osing som døydde i Noreg i fangenskap, Jon Fagertun. I Tyskland var det 2, Odd Tveit og Ludvik Haugen.

Nedteikningane er redigert og omsett til nynorsk av Kåre Herdlevær.

# HAUGSNESET I KRIGSÅRA - FRÅ FOTBALLSPEL TIL FANGELEIR

av Gustav Moberg

**HAUGSNESET VAR EIN ROLEG OG FREDELEG BUSTADIDYLL FØR KRIGEN. PÅ KORT TID VART OMRÅDET DEI PAR FØRSTE KRIGSÅRA OMSKAPT OG UTBYGD TIL EIT STERKT FORSVARSVERK OG TIL RUSSARFANGELEIR.**

Det tyske overfallet på landet den 9. april 1940 vart det store tidsskiljet i livet til alle som var så gamle den gongen at dei kunne følgja



- Haugsneset. Russarleiren låg på flaten heilt til høgre på bilete. Foto: Lokalhistorisk arkiv.

med i det som hende. For oss som hadde vår barndom på Haugsneset i den siste førkrigstida og dei første krigsåra, er det også ein annan dag vi aldri kan gløyma: Den mørke haustdagen i 1942 då russarane kom. I tillegg til den tyske militære utbygginga på Haugsneset, var det hopehavet med dei russiske krigsfangane gjennom eit par år som førte krigsdramaet nære inn på livet for oss.

Når det no er gått over eit halvt hundreår sidan barndomstida på Haugsneset, står det for meg som både tida og staden var reine idyllen. Det var det sjølv sagt ikkje - det er forunderleg korleis ein kan gløyma gráveret og berre hugsa solrike sommardagar. Men same kor lite ein kan stola på minnet, så står det fast at Haugsneset var ein fin stad å veksa opp på. Det var store område med utmark der vi kunne dri- va lek og idrett, på den store sletta der Irisfabrikken ligg, var det fint å spela fotball,

på sjølve neset og i fjøra (som no er utfyllt) var det flott badeplass. Ute på Steinneset fanst det ikkje eit einaste hus den gongen, det var tett tilgrodd med buskar og tre. På det vi den gongen kalla Øvre Haugsneset (der vegane no heiter Haugsneset og Austre og Vestre Lurane) var det berre seks hus, på det vi rekna til Nedre Haugsneset var det sju. Heile det høgaste

platået (det er det som eigentleg heiter Lurane) og dei lauvskogkleddare areala nedanfor var ubygde. Mykje tumleplass var det, og etter- som vi berre gjekk på skulen annankvar dag, vart han mykje nytta. Og så var det ikkje noka bru mellom Osøyro og Haugsneset, så det var ingen gjennomgangstrafikk.

Etter at den andre verdskrigen braut ut i september 1939, hadde det norske forsvaret sett i

sett i verk nøytralitetsvakt, og Infanteriregiment nr. 9 på Ulven hadde ein observasjonspost på Lurane vinteren 1939-40, men det var tyskarane som gjorde Haugsneset til militært område. Dei hadde ikkje vore lenge i landet før dei sette i gang med utbygginga.

### «MONIKA», «ERIKA» OG «GERDA»

Først bygde dei tre brakker på oppsida av vegen til Øvre Haugsneset. Dei sette namneskilt av bjørkepinnar på dei: Villa Monika, Villa Erika og Villa Gerda heitte dei. Det såg nokså pynteleg ut i den første tida. Men så gjekk dei igang med utbygging av kanonstillingar og bunkers.

Luftvernskyts og ammunisjonsbunkers vart det nede på Steinneset, kommandobunkers i berget på høgaste Lurane, fleire brakker og mindre forsvarsstillingar, vaktbunker der den vegen som i dag heiter

Haugsneset tek av frå riksvegen. Tyskarane ville ha eit stort, samanhengjande militært område, og difor rekvirerte dei etterkvart mange bustadhus og dei tok alle husa på Øvre Haugsneset. Huseigarane og familiane deira måtte ut på kort varsel og finna seg nytt husrom hos slekt og vener andre stader i bygda.

### ORGANISATION TODT, NORDMENN OG RUSSARAR

I den første tida var det tyskarar frå den militære byggje- og anleggsorganisasjonen Organisation Todt som dreiv anleggsarbeidet, men det var også ein god del norske som arbeidde der. Meir arbeidskraft fekk tyskarane frå hausten 1942 då russarane kom.

Dei tyske soldatavdelingane song mykje når dei marsjerte. Vi høyrde jamt «In der Heimat» og «Denn wir fahren gegen Engelland» og liknande, men det var ein heilt annan melankolsk og framand klang i songen frå dei utslitne krigsfangane som kom subbande

nedover Lienbakken til Haugsneset ein haustdag i 1942. På det flate området på neset var det bygt ei stor bustadbrakke og ei mindre der det var vaskerom og latrine, det var sett opp eit høgt piggtrådgjerde rundt området og bygt vakttårn. Ein garasje på eigedomen til Ola Tveit vart rekvirert og bygd om og teken til opphaldsrom for vaktmannskapa.

### FANGEHJELP FRÅ OSINGANE

Russarane hadde lite og dårleg mat, mange hadde dårlege sko og dei fleste hadde ikkje andre klede enn det dei gjekk og stod i - uniformene dei hadde reist i krigen med.

Bygdefolket gjorde mykje for å hjelpa, særleg med mat. Hjelparbeidet til Marie Østrem er særleg kjent, ho brukte det aller meste av si tid og sine krefter til å hjelpa dei russiske fangane. Men det var mange andre som også ytte

sitt, og etter at russarane hadde kome inn i faste rutinar i leiren, fekk dei det noko betre. Den tyske framferda mot fangane var hard for det meste, men ikkje like ille alltid.

Det var ulike tyske offiserar som hadde ansvaret for leiren, og somme av dei var meir rimelege enn andre. Det var skilnad på vaktmennene også, fleire av dei var slike som snudde ryggen til om det vart kasta ein matpakke over piggtråden.

### KORSONG OG FOLKEDANS

Det var mange gode songarar blant fangane, og i ein periode heldt dei korkonsertar og folkedansframsyningar på fine sundagsettermiddagar med eit stort norsk publikum utanfor piggtrådgjerde.

Vi som budde nærmast leiren hadde lettast for å få kontakt med russarane, særleg med dei som hadde leirteneste og ikkje arbeidde uta på dei tyske anlegga. I huset til Ola Tveit hadde tyskarane rekvirert eit kjellarrom til proviant-



- Russarleiren teikna (etter minnet, femti år etterpå) av Vincent P. Heggland

lager, og etter ei tid slutta dei å senda vaktmann med oppassaren sin, Ivan «Putzer», når han skulle henta brød. Då stiltra han seg opp i huset for å sjå på karta våre korleis frontlinene flytte seg i heimlandet. Ivan var frå Krim, og lenge var det faste spørsmålet hans: «Krim noch deutsch?» - Er Krim tysk enno?

## TOBAKKSBOKSAR OG BALALAIKA

Mange av fangane var hendige folk som var vane med å nytta ut alle slags materialar, og et-



*Ting som nordmenn fekk i gåve, laga i fangeleiren*

terkvart var det ikkje lite som kom ut or leiren av ting dei laga - av hermetikkboksar vart det tobakksøskjer med inngraverte mønster, av trebitar vart det flotte fuglar med venger som kniplingar, til og med nokre balalaikaer kom som gåve til norske naboar.

Dette var dei hyggjelege sidene, men det vonde og brutale var der heile tida. Kort tid etter at russarane var komne, gjekk ein unggut frå Haugsneset, Odd Tveit, på vegkanten og vinka til russarane som sat på ein tysk lastebil. Ein ufyseleg kar frå Organisation Todt såg det og fekk guten arrestert. Alle trudde han kom til å sleppa ut etter nokre dagar. Men Odd vart sendt til fengsel i Bergen, så til Grini og derifrå

til konsentrasjonsleiren Sachsenhausen nær Berlin. Der døydde han eit år etterpå.



*Fleire av dei russarane som gjorde leirteneste, fekk av og til gå på Osøyro, m.a. til fotograf Mortensen. Mannen til venstre gjekk under navnet «Langekokken». T.h. Ivan «Putzer».*

## RØMLINGAR VART SKOTNE

Russargravene på Os kyrkjegrav fortel sitt om den tyske framferda. Eit par russarar døydde ved arbeidsulukker og av sjukdom, men fleire vart skotne. Ein som prøvde å finna seg noko å eta ved eit hus på Moberg, vart skoten på staden. To menn som prøvde å røma, vart skotne i krattskogen ved sørenden av Banktjørna og deretter frakta til Haugsneset. Nokre smågjenter i 7-8 årsalderen som leikte ved det gamle naustet til Hauge-bøndene, kom heim og fortalde at dei hadde sett noko som skremde dei - føter som stakk ut or eit par papirsekker inne i naustet. Det var dei drepne russarane som låg der.

Berre ein russar som rømde, hadde hellet

med seg. Han kjende vi under namnet Leonid, og han fekk god hjelp av mange osingar, særleg av Marie Østrem og hennar slekt, av brørne Hans og Jon Lundetræ, av brørne Fredrik, Alf og Jon Heggland, men Leonid hadde likevel ein hard vinter og vår i barhytter og under hel- larar i Osmarka, ved Borgafjellet og oppunder Møsnuken. - I over eit halvt år levde han slik, men vart så send over til Austlandet der han kom med i flokken til kommunistføraren Peder Furubotn.

## UVISST OG UTRYGT

Dei som var jaga frå husa sine, levde i uvis- se om korleis det skulle gå. Alle husa det galdt var nye, bygde i tiåret mellom 1930 og 1940 - kva gjorde tyskarane med dei?

Skyting og dundring var det støtt i området, både minering på anlegga og artilleriøvingar med Bjørnefjorden og luftrommet over fjorden som øvingsområde. Båtar drog målskiver på fjorden og fly slepte målskiver i lufta. Det small stadig frå luftvernkanonane på Steinneset og ofte skaut dei med dei store kanonane dei hadde på Hetleflåten - 21 centimeters granatar suste over den sentrale delen av bygda og ham- na langt ute i fjorden. Den sivile båtferdsla måtte innretta seg etter dei tyske skytetidene, og det var ikkje bra for nervene om ein fekk motorvanskar midtjords like før skytinga skul- le ta til. All skytinga førde ikkje til ulukker blant norske, men ein tysk marinegast vart dre- pen då han under øvingsskyting gjekk ut i land- minefeltet på Steinneset.

## FOLKETALET MANGEDOBLA.

På Haugsneset må det ha budd omkring 70 menneske med smått og stort før tyskarane kom. Det var berre 12-13 bustadhus, men folk budde trongt, opptil tre barnefamiliar i eitt hus. I krigstida auka folketalet sterkt, endå om 25-30 norske var jaga frå heimane sine. I russarlei- ren var det mellom 200 og 250 mann i eit par år. Det er usikkert kor mange tyskarar det var i brakker og bunkers og stolne hus, og talet gjekk nok mykje opp og ned, men eit par hund- re må det ha vore. Så folketalet i området må nok ha vore mangedobla.

Dei fastbuande norske og dei tyske militære hadde likevel kvar sine område, men begge partar hadde med russarane å gjera, kvar på sitt vis.

Mot slutten av krigstida vart grupper av fangar flytte frå Haugsneset, m.a. til Lepsøy og Tøsdal og til Fjell, der dei vart sette i arbeid med det digre festningsanlegget der. Særleg i Fjell fekk dei det nok verre enn dei hadde hatt det på Haugsneset. Då krigen var slutt, tok flei- re av dei turen tilbake til Os for å helse på dei norske dei hadde hatt kontakt med.

## LEONID/DAVID - OG LEIF

Krigsfangen Leonid som kom uskadd både frå krigsfangeleir, røming og mot- standskamp, måtte vera både ein hardhaus og ha nervar av stål. Han heldt det ut eit drygt halvt år på kalde og våte gøymestader, og når det vart for stussleg i skogen, tok han seg like godt ein tur ned i bygda. Han gjekk omkring i ein sivil frakk og i støvlar med tre- botnar og vart merkeleg nok ikkje teken. Alt gjekk godt, også då han vart transportert til Nesttun av drosjeeigar Vinsjans Lyssand og vidare med tog til Austlandet.

Leonid vart verande her i landet etter kri- gen og reiste tilbake til Sovjetunionen i 1958. Han hadde då teke namnet David Dozenko og sa at det var det rette namnet og at han ikkje torde bruka namnet David fordi tyskarane då kunne tru at han var jøde.

Leonid/David fekk like etter krigen ein gut med ei jente han møtte i Valdres på slutten av krigen. Denne guten kom seinare til Bergen der han vaks opp. Leif Daazenko som er ingeniør i oljebransjen, bur framleis i Bergen. Det han veit om faren og røminga hans, er stort sett det Marie Østrem har for- talt i den dagboka ho gav ut etter krigen. Då Os Turlag i haust, med Jacob Østrem som kjentmann, skipa til ein tur til dei stadene der Leonid låg i dekning, var sonen med og fekk for første gong sett det han før berre hadde lese om.




## - Haugsneset i 1942:

1. Fangebrakka.
2. Latrinebrakka.
- 3 og 4. Vaktårn. 5. Vakthytte.
6. Nauset til bøndene på Hauge.
7. Verkstaden og bustadhuset til Ola Tveit.
8. Kahrs-lageret (no Interiøren).
9. Huset til Medaas.
10. Verkstaden til Hogne Eide.
11. Huset til Hogne Eide.

12. Huset til Torbjørn Vik.
13. Huset til Anna Bruntveit.
14. Huset til Peder Tvedt.
15. Huset til Torstein Lien.
16. Huset til A. Øvredal.

xxxxxxxx piggrådgjerde rundt leiren.

- Russarane kom til Haugsneset i oktober 1942. Dei siste fangane vart flytte derifrå i juni 1944.




# DET STORE BENSINEVENTYRET KRIGSDRAMAET VED ALHOLMEN HAUSTEN 1944

av Johannes Vedholm

**EG ER VORTEN BEDEN OM Å SKRIVA EIN ARTIKKEL OM DETTE DRAMAET I «OSINGEN». DET TAKKA EG JA TIL DÅ EG TRUDDE EG VISSTE DET MES-TE OM DENNE KRIGSHENDINGA. ETTERSOM EIN LES VIL EIN SKJØNA AT DETTE IKKJE HAR VORE TILFELLE. I MITT ARBEID MED ARTIKKELLEN HAR EG NEMLEG FÅTT TILGJENGE TIL OPPLYSNINGAR SOM MÅ SEIAST Å VERA REINT EVENTYRLEGE. NOKO SOM ER HEILT NYTT FOR BYGDEFOLKET.**

Historia eg kjende til frå før er slik: Det var eit tysk skip som 19. november om natta i tett snøvær gjekk for full fart på Alholmen utanfor Forstrøno, og vart sitjande fast.



*August Bolten*

Johannes Forstrønen kan fortelja at båten heitte «August Bolten». Han rodde nemleg rundt holmen den dagen fartøyet gjekk på land. Dette var eit stort, flott, moderne skip. Det låg noko skeivt der det stod på land. Det hadde synlege skadar i baugen. Han var der to gonger, fyrst ved middagstider og då var det ikkje noko

mannskap å sjå, og så ved tre-tida og då var det aktivitet om bord. Men mannskapet heldt nett på å forlata skipet, sannsynlegvis med ein del skipsutstyr og personlege eigneluter og slikt. Mannskapet gjekk ombord i eit slags krigsskip som låg tett ved.

Det kunne sjå ut som skipet hadde noko som kunne likna flymotorar som dekkslast. Vidare var det stabla seks store kanoner på dekk med løp på omlag åtte meter lange. Sjølvsaft kan det stillast spørsmål om ein kunne finna på å føra noko så verutsett utstyr på dekk?

## EKSPLOSJON

Seint på natta den 20. november seig «August Bolten» av grunnen og eksploderte i djupet. Dette var ein sers kraftig eksplosjon, som serleg folk i Nordstrøno-området fekk merka. Heime hjå oss på Vedholmen, omlag fire kilometer borte, hugsar eg omnen heldt på å ramla over bror min. - Det var litt av ein smell -.

Kvifor kan ein vera viss på at eksplosjonen gjekk føre seg under vatn? Jau, prøvet på det er at det ikkje fans vrakgods eller delar nokon stad på land. Hadde eksplosjonen føregått i overflatestilling skulle eg ikkje undra meg om ein hadde funne delar over heile ytrebygda.

Det er blitt fortalt at skipet hadde karbid i det eine lasterommet. Då båten sklei av holmen og sokk, kom det nok vatn til karbiden, samstundes som ein gneist må ha oppstått av ein eller annan grunn, og med dette det store SMELLET.

Det ein oppdaga dagen etter var at det flaut ein mengde fat med bensin i fjorden, både 220 og 300 liters fat. Omlag 2000 fat i alt rekna ein med. Vidare var det mykje smør og fleisk og

ymist anna. Johannes Forstrønen fortel at dei mellom anna samla opp ein halv hektoliter med juletrelys, noko som kom vel med då dei ikkje hadde elektrisk lys i Forstrøno på den tida. Smøreolja var òg å finna. Dette var syntetisk olja, slik at motoren vart varmare enn vanleg, tykte Johannes.

## DEN STORE BENSINJAKTA

Som ein vel kan forstå, det byrja ei jakt utan sidestykke på havet sine gåver. Det var sjølv-sagt bensinen som var mest verdfull. Karane frå Nore Øyane var først på feltet, seinare kom det folk frå Søre Øyane med i søket. Ein vona vel at det skulle lukkast å stikka fangsten bort, slik at tyskarane ikkje fekk tak i varpet. Slik gjekk det diverre ikkje. Tyskarane fekk vel brorparten attende, men likevel var det mangt eit godt fat som vart gøymt unna. Bensinfata vart som regel søkt ned langs land og strand. Det var så mykje bensin rundt forbi på havets botn, at det ikkje var like lett å halda greie på kva som var mitt og ditt. Dette kunne nok føra til kjedelege episodar mellom grannar, etter det eg har høyr.

Eg hugsar under vintersildfisket i 1945, at det kom mange framande snurpebåtar oppi Søre Øyane og spurde etter bensin til dorryane sine. Vanlegvis viste me dei bort i Nordstrøno. Eg reknar med at det vart gjort ein del gode kroner på slik handel.

## LURE KNEP

Ein del av bensinen som tyskarane fann att sjølve, eller tok frå andre «fangstmenn», vart lagt opp på kaien vår heime på Vedholmen. Minst eit par hundre fat i alt. Dei forlet bensinen utan vakthald, og det nytta far og grannane seg av. Far hadde nemleg ein del tomme bensinfat inne på sjøbua. Det dei då gjorde var å opna mange av fata og stela litt frå kvart. Etterkvart som dei fekk fulle nye fat, vart dei dumpa på sjøen. Ein fann det sjølv-sagt risikofyllt å stela heile fat, då ein rekna med at tyskarane hadde tal på fata som låg der.

Det vart ein del spanande episodar med bensinen seinare òg. Serleg hugsar eg ein gong at

me brørne skulle hjelpa far med å heisa eit 300 liters fat opp i bua. Dette kunne sjølv-sagt vera ein del risikofyllt. Det var mørk kveld og ingen å sjå, utan ein som lyste med ei dynamolykt på grannekaien tvers over vika, ti meter borte. Me rekna med at dette måtte vera ein nordmann som brukte ei slik «kriselykt». Me sette difor igang med løfteoperasjonen. Dette gjekk ikkje serleg bra, for med bensinfatet høgt oppe i lufta slitna vindetauet. Fatet fall i sjøen med eit metallaktig kraftig plask. Me heldt pusten i lengre tid. «Lyktemannen» på den andre kaien forsvann, men brått kom han innover kaien vår. Det viste seg å vera ein tyskar. Han spurde kva me dreiv med. Far fekk forklart at me skulle heisa opp ei sildetønne, og så slitna tauet. Tyskaren ville ikkje høyra på dette, då han høyrde på lyden kva dette måtte vera. Han skulle melda oss, men så la han til at dersom far hadde litt hummar til han, skulle han gløyma det heile. Det var midt i hummartida så hummar vart det råd med, og me slapp med skrekken. Andre kan sjølv-sagt fortelja liknande små episodar i kjølvatnet av det store bensineventyret. Det var så flust med bensin at me gutungane brukte det som leiketøy. Mellom anna kokte me geværammunisjon i brennande bensin, og meir tussaskap i same lei. Dette var oss ungene, men eg kjenner to heltar frå motstandsørsla, dei brukte, etter det som vart sagt, flybensin på primusen i ein liten motorbåtkahytt. Ikkje meir om det.

## BÅTEN «KONG OLAF» INN I BILETE

I samband med denne artikkelen har eg prøvd å finna eller få opplysningar om denne hendinga frå andre enn lokale kjelder. Eg har vore heldig og fått tilgang til ein artikkel i assurancebladet SKULD frå 1990 med tittelen: «Hva skjedde egentlig med D/S «Kong Olaf»? Ukjent skjebne i 45 år».


Kva har igrunnen «Kong Olaf» med denne historia å gjera, kan ein spørja. Ved å lesa det eg gjengjev av artikkelen nedanfor, kjem det fram heilt sensasjonelle opplysningar som ikkje har vore kjende i Os tidlegare, og som har med Alholmdramaet å gjera.

Før eg fortel vidare, vil eg be om orsaking for at eg tek med så mange skipstekniske opplys-

ningar og anna historikk i det fylgjande. Som gamal skipsingeniør er dette høgkultur for meg.

SKULD-bladet fortel i utdrag:

D/S «Kong Olaf» vart bygd i 1883 for Det Stavangerske Dampskibsselskab. Skipet skulle setjast inn i postruta mellom Sørlandet og Danmark. Dette var eit flott og moderne skip på heile 471 brt. med dimensjonane 152,3 x



*D/S Kong Olaf*

24.0 x 17,7 fot. Maskinen var ein compound dampmaskin på heile 450 IHK. Farten var 11.8 knop.

Etter at selskapet mista løyvet på danskeruta alt i 1886, vart «Kong Olaf» sett inn i kystfart i Sør-Noreg, men sokk utanfor Arendal i 1888 etter ei grunnstøyting. Fartøyet vart berga og forlengd med 21 fot, samstundes som det fekk ny dampmaskin frå Laksevåg på 600 IHK. Fram til 1917 segla «Kong Olaf» fast mellom Christiania og Bergen.

Som mange andre kapteinar hadde fått røynt, var ikkje norskekysten berre solskin og svarte-stilla. Ei mørk natt utanfor Larvik grunnstøytte skipet og fekk svære botnskadar. Først etter at verdskrigen var slutt, såg reiarlaget seg råd med å setja båten i stand. Båten vart etter dette sett inn i lokalfart i Rogaland, ettersom utviklinga krov større og meir moderne båtar på dei lengre rutene.

### **«KONG OLAF» MOBILISERT**

Men så, i sitt 57. år vart skipet mobilisert og aktiv krigsinnsats venta. Den 12.april 1940 vart «Kong Olaf» nemleg innlemma i den tyske marinen. Skipet fekk ha same namnet, men i

tilllegg fekk det det offisielle nummeret V-5107. Mannskapet vart bytt ut med tyske marinesoldatar og kanoner vart montert.

Tenesta vart i førstninga turar med hestar og høy, forsyningar rundt til forta på Vestlandet, og stundom ein og annan trossettransport rundt i nærmiljøet. Ein vart van med å sjå den gamle travaren i si nye gråstripete kamuflasjedrakt, men brått ein dag var han borte. Ingen visste heilt nøyaktig kva som hadde hendt, men ein ville vel finna det ut når freden kom. Men det vart ikkje slik. Forsikringa vart utbetalt, leiting i papir og arkiv vart utan resultat.

Idag veit ein at skipet fekk ein merkeleg ende, takka vera ein tysk radiooffiser frå Hamburg som heite Kurt Ritter. I 1944 var han 38 år og var då radiooffiser ombord i før omtalte «August Bolten» av Hamburg.

Den 18. november 1944 var kald og ufyselig då «August Bolten» letta anker i Bergen. Det store tyske lasteskipet hadde full last ombord for Tyskland. Skipet var bygd i 1936 i Rostock, var på 3665 BRT og med ei dampmaskin på 2226 IHK gav det ein fart på 12 knop.

Som eskorte for «August Bolten» dukka gamle «Kong Olaf» opp ved avgang frå Bergen. Dei to gjekk i følgje sørover, og då dei nådde Korsfjorden kom dei inn i tett snødrev med den følgje at «August Bolten» gjekk med full fart på land kl 0256. Skipet stod hardt på og mannskapet forlet båten på grunn av fare for kantring. Dei fleste vart ført til Bergen, medan nokre av mannskapet vart verande ombord i «Kong Olaf» for å berga utstyr frå havaristen.

Då det lysna såg dei at skipet hadde gått på Alholmen utanfor Forstrøno. Derifrå kunne ein sjå beinveges bort på festningen på Røtingatongane, 2,7 km borte. Om dagen sette ein folk ombord i havaristen, som hadde fått stygg skade i baugen. Skipet tok inn vatn og la seg sakte over på sida. Berging var ikkje mogeleg, slik at ein berre prøvde å berga utrustning og personlege eigneluter. Dette gjekk og føre seg neste dag.

### **FULL ALARM OG KANONDUELL**

Men 19. november flaug det eit einsleg britisk oppklaringsfly over havaristen, og same kveld stakk to britiske motortorpedobåtar til

sjøss frå Shetland med kurs for Alholmen. Men den 20. november, to dagar etter grunnstøytinga, glei «August Bolten» av grunnen, seig i djupet og eksploderte. «Kong Olaf» blei den dagen liggjande i fjorden og berga bensin m.m.

Utpå kvelden etter det hadde vorte mørkt gjekk det alarm både ombord på «Kong Olaf» og på festningane omkring. Ein signalstasjon hadde høyrte fly- eller motortorpedobåtdu. Medan mannskapet sprang til postane sine, tente kystfortet på Røtingjo ein sterk lyskastar for å få betre overblikk over fjorden.

Skipssjefen på «Kong Olaf» var lite huga på å gå til open strid mot moderne krigsfartøy med den 61 år gamle damparen. Han la seg difor opp i den søraustre del av Alholmsundet, i ly for det som måtte koma utanfrå.

Då lyset frå lyskastarane sveipa over sundet, vart skipssjefen redd for at dette lyset skulle røpa posisjonen hans. Han gav difor ordre om å opna eld mot lyskastarane på Røtingjo, for om mogeleg å skyta dei ut. Kystfortet på si side

trudde det var eit alliert fartøy som skaut, og skaut såleis attende. I over eit kvarter gjekk det føre seg ein sterk artilleriduell mellom den gamle damparen og det moderne kystfortet. Deretter oppsto det ein pause som folka frå «August Bolten» drog nytte av, slik at dei kunne ta seg i land. Like etterpå opna «Kong Olaf» eld att mot fortet. Denne gongen svarte festningen med sitt tyngste skyts, og sende avgarde 110 granatar før «Kong Olaf» fann si endelege grav i Alholmsundet. Guds fred!

Kort tid etter passerte dei to engelske torpedobåtane forbi «August Bolten» og «Kong Olaf» sine siste kvileplassar utan sjølvsgagt å sjå noko. Dei høyrde heller ikkje noko til festningane rundt omkring.

Hadde ikkje Kurt Ritter skrive om denne uforståelege duellen mellom eit tysk skip og eit tysk kystfort, ville ingen vita at Korsfjorden løyner to skip, der ein før berre visste om eitt.


Det tok altså heile 45 år før ein fekk kjennskap til lagnaden åt D/S «Kong Olaf».

## DEN GAMLE FJISKAREN SER ATTENDE

av Henning Henriksen

*Då me var unge  
sprang me om kapp  
oppetter langs elvane  
for å fanga dei feite fiskane  
som stod i skuggen  
av dei store steinane.*

*No sit me rolege  
i gyngestolane  
med barneborna på fanget  
og fortel om dei store fiskane  
me fekk før håret vårt gråna,  
og barneborna trur  
at me diktar eventyr.*



# ULVEN SOM FANGELEIR I KRIGSTIDA

AV ØYSTEIN SØFTELAND

**ULVEN FANGELEIR VART FOR DEI FLESTE SOM SAT DER EIN STASJON PÅ VEGEN TIL ANDRE LEIRAR, ANTEN HER I LANDET ELLER I TYSKLAND. MEN FOR NOKRE VART OPPHALDET DET SISTE DEI OPPLEVDE I LIVET.**

Ved frigjeringa for 50 år sidan var det korkje fangar eller fangeleir på Ulven. Fangane blei nemleg overført til ny leir på Espeland omkring årsskiftet 1943/44.



*Dei tre fangebarakkene frå krigstida.*

Historia om Ulven fangeleir går attende til krigsutbrotet 5 år tidlegare. I løpet av nokre nattetimar til 9. april 1940 forlet den norske infanteribataljonen Ulven, der den var forlagt som nøytralitetsvakt. Nokre timar seinare same dag kom 3 sporveisbussar frå Bergen, fullasta med tyske soldatar og inntok den nesten tomme leiren. Før dagen var omme vaia det tyske hakekorsflagget over Ulven. Før sommaren var omme kom dei første politiske fangane dit. Ulven fangeleir var eit faktum, den første politiske fangeleir i Noreg, tett omgitt av den sterkaste krigsmakta i verda på den tida.

## ARRESTANTAR FRÅ MANGE ULIKE MILJØ

Arrestantane frå motstandsørsla kom frå heile Vestlandet. Frå Ålesund i nord til Stavanger i sør. Seinare kom det på Espeland også folk frå Kongsvinger, Finnskogane, Odalen, Oslo og Fredrikstad, fangar som var overført frå Grini. Både på Ulven og på Espeland sat folk i aldersgruppene 15 til 80 år,

og dei fleste yrkesgrupper og samfunnslag var representerte. I slutten av juli månad 1940 kom dei første fangane til Ulven. Forutan eit fransk/spansk skipsmannskap på 6 personar kom 7-8 menn frå Nesttun som hadde snauklipt ein del "tyskarjenter". Deretter kom dei første arresterte Englandsfararane i Follestad-saka og 22. oktober kom ei gruppe kommunistar, "dei 12 apostlane". Alt ved juletider 1940 var ei handfull jødar internerte på Ulven.

Sidan følgde det slag i slag: Alver-saka, Stein-saka, Telavåg-saka, Eeg Larsen/ Bonnevie-saka, Buland-saka, proviant-saka, avis-saka, eksportorganisasjonen i Bergen-saka. Hertil kom ein del gislar og andre frå einskildsaker. Seinare kom sabotørar og Mil.org. folk til Espeland. Nokre gonger kom det grupper med korttidsfangar. Den eine gruppa var eigentleg ein del intellektuelle personar frå Bergen som tyskarane gav nemninga "suspekte kommunistar". Faktisk var fleire av dei høgrefolk. Den andre gruppa var "bindersgjengen", ca. 100 personar frå Bergen som blei arresterte på kongens fødselsdag. Ei anna gruppe

var ein del ungdommar som hadde lagt seg til med langt hår og som NS oppfatta som demonstrasjon. Eit kort og lagnadstungt opphald vart det for marinefolka på MTB 345 som blei tatt til fange i Ytre Sogn og overlevert til sikkerhetspolitiet i Bergen (SIPO) som let dei avretta på Ulven 30. juli 1943.

## ORGANISERING AV LEIREN

Til vanleg var det Gestapo-folka som gjennomførte etterforsking, arrestasjon og forhøyr etc., medan det var politiavdelingar som hadde ansvar for "oppbevaring", vakthald og justis av fangane. Men på Ulven var det den første tida fram til hausten 1941 den vanlege vernemakta som hadde vakthaldet. Deretter kom sikkerhetspolitiet og overtok. Først då kom det høgt piggtrådgjerde rundt heile fangeleiren. Tidlegare var det berre eit vanleg gjerde ved kjøkkenbarakka. Hovudinnkøyringa i sør blei stengt for fangetrafikk og det blei laga ny innkøyring i nord.

Fangetalet varierte mellom 50 og 150 dei første åra på Ulven og frå 200 til 300 dei siste åra på Espeland. Vaktstyrken med politisoldatane, eller postane som dei vart kalla, utgjorde til vanleg 12-16 mann på Ulven. Til leiing av leiren var det ein leirkommandant, Lagerfører, og ein Zugwachtmeister som var sjef for vaktstyrken.

Fangane vart samla i tre eldre mannskapsbarakker i nordre leir som vart kalla blokk 1, 2 og 3, der blokk 1 var "lenken" med einecellene. Vidare var det ei barakke med fangekjøkken og vaskeri. Depot og snekkeri heldt til i kvar ende av blokk 1 og 2. Det vart bygd ny administrasjonsbarakke som vart kalla "Kanzlei" med kontor og bustad for leirkommandanten i den eine enden, og forlegninga til postane i den andre enden.

Lagerfører peikte ut ein av fangane som tillitsmann, som var ein slags leirsjef eller "lageralteste". Han var mellommann mellom den tyske leiinga og dei norske fangane. Dei hadde eit slags leirreglement tilsvarande det militære indretenestereglementet, og det var den norske leirsjefen si plikt å instruera nye fangar om innhaldet og elles sjå til at det vart etterlevd.

## DAGLEG LEIRLIV

På kvart barakkerom lag det 20 mann med varierende bakgrunn, behov, interesser og legning. Etter endt arbeidsdag, kveldsmåltid og oppvask kunne kveldane på romma vera prega av at nokre sat ved langbordet og spela kort, medan andre kom saman i det eine hjørna til skriftlesing og åndelege songar ein times tid. Det var og dei som var istand til å lesa bøker, men bibelen var forboden. Eigentleg var det forbode med treskjæring til privat formål, men fleire arbeidde likevel i løynd og laga skåler og lampar av trerøter og dessutan små smykker av bein og tre som dei fekk smugla ut.

Klokka 2200 skulle det vera ro i leiren. Særleg sommarstid kunne det nok kjennast hardt i dei lyse og landlege omgjevningane, når tankane krinsa om familien og ikkje minst stillinga og gangen av saka og den usikre framtida. Stort sett hadde fangane eit ukuelig humør sjølv om alvoret prega dei. Det var folk som med mot og djervskap hadde vist okkupantane at dei ikkje let seg kua eller skremma. Humøret og ironien var for dei eit våpen i kamp mot redsla, einsemd og grå dagar. Når dei kom i kontakt med folk utanfor leiren, følgde det alltid noko friskt med dei, som eit pust frå det frie kjempande Noreg.

## KONTAKTAR OG GARDSKOMMANDO

Nyhende om dei første politiske fangane som vart internert på Ulven, kom frå sivilarbeidarar i leiren og forbipasserande på vegen over Ulvensletta. Etterkvart som den triste bodskapen spreidde seg ut over bygda, oppsto det ein sterk trong mellom folk til å gjera noko for fangane. Men korleis kunne ein møte fienden som hadde makta over dei norske fangane?

Dei første kontaktane mellom sivilbefolkningen og Ulven-fangane oppsto i samband med fangebesøk på handelssenteret Osøyro og tannlækjarkontoret til Lars Skorpen, der det etterkvart utvikla seg smugling og annan ulovleg trafikk. Søndag før jul 1940 sto 8 damer i kjellaren til malarmeister Tveit og laga 50 julepakkar som ei av dei, Karla Særvold, fekk koma inn



Norske fangar på «utekommando» med vakter. Foto: Lokalh. arkiv

i leiren med julaftan. Ein sivilarbeidar hadde fått ordna med "Schein". Utover nyåret 1941 følgde desse damene opp med fleire vare- og pakkeleveransar i leiren. Og nå blei det også tatt initiativ frå andre hald med matleveransar og kontakt elles med fangeleiren.

Hausten 1941 vart det ordna med gardskommando etter ei prøveordning på garden til Irgens i Hagavik. Opprinneleg skulle bøndene få "arbeidshjelp" av norske fangar til potetonna. Men seinare blei hjelpeprogrammet utvida til diverse anna gardsarbeid. Såleis fekk fangane jobba på fleire gardar utover hausten og vinteren 1941/42, og ialt 22 gardar og 2 verksemdar fekk fangar til arbeidshjelp. Lengda og omfanget av ordninga varierte nok på dei forskjellige stadene, men særleg på Moldegård, Ravneberghaugen og Søfteland held dei det gåande med gardskommando, også frå Espeland, like til krigens slutt. Arbeidet var sekundært. Hovudsaka var å oppnå og oppretthalda kontakt og få gitt fangane rikeleg og god mat og godt stell elles.

Fangane og primærkontaktane omtala dei fleste postane her som rolege karar som det var lite bråk med. Men det fanst og outsidersar mellom dei første unge postane med hersing og trakkering. Fangane lærde fort å føla dei på pulsen og merka seg kven dei kunne "stola" litt på. Dette kom vel med på utekommandoane. Det var og vakter som såg gjennom fingrane med ting som dei forsto gjekk føre seg både av smugling og besøk. Dersom det såg ut som nai vitet, så var det oftast bevisst frå posten si sida.

Fangane lærde folk på gardane at dersom dei skulle få ein fin dag, måtte vaktene behandlast vennleg. Parolen fra London var elles: "Frys dei ut".

Av dei mange episodar på Ulven var det mest tragediar med sorg og sagn, men også av smil og små gleder. På Grini såg dei Kunze på ski. På Ulven såg dei ein leirkommandant som dreiv griseavl.

## TRAGISKE AVRETNINGAR

Ein julidag i 1941 mangla 2 mann ved oppteljinga etter ein utekommando, Erling Marthinsson og Carl W. Müller. Det blei kollektiv avstraffing der fangane måtte stå i grunnstilling på appellplassen heile natta. Og like etter kom den første store fangetransporten til Tyskland. Det høyrer med til historia at begge rømlingane kom seg til England. Marthinsson kom tilbake, blei arrestert på nytt og skoten på Trandum. Müller gjekk inn i dei britiske styrkane og kom til Nord Afrika. Han levde i Haugesund til nyleg.

I oktober 1941 blei dei første dødsdommane fullbyrda på Ulven då Karsten Wang og Ivar Duesund blei skotne ein stad på veggen over Søvikåsen.

Den 26. januar 1942 blei 4 Ulvenfangar henta ut for transport. Det var bergensarane Lars Cornelius Svanevik, Ingvald Iversen, Charles Sigurd Johnsen og fanamannen Harald Skjold. Dei blei køyrd til Gravdal på Laksevåg der dei vart avretta. Ofra blei lagt i kassar med dynamitt og ført med eit tysk marinefartøy til Korsfjorden der kassane blei senka med tent lunte.

Ein sommardag i 1942 såg dei norske fangane at ein flokk med den typiske uniformsklednaden til russarfangane og med spadar på akslene, rusla seint vestover Ulvensletta i retning skogkanten i foten av Ulvenfjellet.

Nordmennene fatta mistanke og fekk snart stadfesta at 27 jugoslaviske krigsfangar grov



sine egne graver der dei blei avretta etterpå.

## FLEIRE TRAGEDIAR

Det var ein aprildag i 1942 at Telavågtragedien fann stad. På Ulven blei det straks innskjerping både ovanfor fangane og ovanfor kontaktane ute. Ingen leirbesøk, ingen matleveransar og inga arbeidshjelp på ei stund. Dessutan blei det ein ny stor fangetransport til Tyskland, og denne gongen var det Stein- fangane som for.

Etter Telavåg-affæren blei leiren fylt med nye fangar. Då saka var ferdig etterforska kom ein ny fangetransport til Tyskland i februar 1943.

Sommaren 1943 blei ein norsk marinebåt overraska i Ytre Sognefjord. Mannskapet, 6 norske og ein brite, blei som krigsfangar førde til Bergen og overlevert til Gestapo. Krigsfangane blei overført til Ulven natt til 29. juli. Den 30. juli blei dei skotne utan lov og dom i nærleiken av skivevollen til den militære skytebane. Også desse blei senka og sprengde i Korsfjorden.

## "I BEREDSKAP FOR NÆRARE ORDRE"

Ein annan dag på denne tida da alle utekommandoane var sende avgarde om morgonen, vart 10 fangar tekne ut av rekkene og fekk ordre om at dei "skulle haldast i beredskap for nærare ordre". Etterpå frykta ein at "10 mann i beredskap for nærare ordre" ikkje kunne bety anna enn: 10 mann skulle skytast som gislar. Av ein eller annan grunn blei det heldigvis ikkje noko av.

Det var indikasjonar som kunne tyda på at det hadde vore fluktplanar som var blitt kansellert. Såleis var det 4 revolvarar med ammunisjon som var lagt ut til piggråden og som måtte hentast, p.g.a. kontraordre og gravast ned ein annan stad. Det hende elles mange spanande episodar som det vil føra for langt å koma inn på her.

Ulven i krigstida var først og fremst nazityskarane sin første interneringsleir for norske politiske fangar i Noreg, midt i ein sterk kon-

sentrasjon av fiendesoldatar. Dei tragiske hendingane, og all den liding, sorg og sakn som utspann seg her, etterlet ein atmosfære av uhygge over staden som synest vanskeleg å bli kvitt i ettertid.

Ein av dei norske leirsjefane, Frank Meidell Falck, har sagt det slik: "For fangane blei det lagnadstunge timar på denne mellomstasjonen på ferda for dei fleste, og den siste stasjonen for nokre".



GEO  
GRAFISK A.S BERGEN

# Barnesider

av elevar i 6. klasse ved Lysekloster skule



## Dikt

### VINTER

Vi legg oss om kvelden  
og tenkjer på  
at det er snø i morgon tidleg  
og at det går an  
å renna på ski og akebrett  
og det er det

### VÅR

Våren er grøn og fin  
og alt begynner å vekse  
Fuglar kvitrar og maur kryp  
Ja, våren er fin

### SOMMAR

Sommaren er fin og varm  
og det går an å bade i sjøen  
Sommaren er grøn og fin

### STEINEN

Steinen er svart og hard  
Ligg på bakken og blir våt



### HAUST

Hausten er gøy  
Trea er høge  
Det er mykje lauv  
Så det blir mykje støv  
Snart blir det snø og kaldt vær  
og då må vi gå med mykje klær.



### VINTEREN

Snart er det vinter og snø,  
så kjem nissen.  
Vi får gaver alle saman  
og vi er så glade.  
Vi kan stå på ski  
og alle er bli`.



### SKOLEN

Skolen er fin.  
Vi lærer mykje rart,  
kvar dag.  
Skolen er fin.



## Fakta

- Det er ca. 35000 hestar i Noreg. Det er mest shetland, dartmoor, exmoor, welsh, new forest, connemara og islandshest.  
- Den kinesiske mur er mellom 2400 og 3000 km lang.  
- Ei av dei lengste hengebruene i verda er 2,7,km lang og heiter Golden Gate-brua.

- I området rundt San-Francisko er det ofte jordskjelv.  
- Visste du at den afrikanske elefanten ha øyrer som liknar på Afrika, og den indiske elefanten har øyrer som liknar på India.  
- Visste du at hesten har ein gong vore like liten som ein stor hund.

# Spørsmål

1. Kva heiter Noregs lengste elv?
2. Kva heiter verdas lengste elv?
3. Kor ligg Shanghai?
4. Kva heiter verdas høgaste fjell?
5. Kva heiter den største øya i Europa?
6. Kva heiter det største havet i verda?
7. Kva heiter den største innsjøen i verda?



## Vitsar

- Doktor, doktor, eg har brekt armen på fleire plassar.

Doktoren: Då må du ikkje gå på dei plassane.

- Kelnar, eg har fått ein makk i suppa mi.

Kelnaren: Nei, det er jo pølsa.

- Kelnar, eg har fått ein levande laks i suppa mi.

Kelnaren: Det var jo meininga.

- Kvifor har kyrne bjøller rundt halsen?

Fordi horna ikkje virkar.

- Kva skjer viss ei høne tok ut ringen?

Egga kom ut i skiver.

# Gåter



1. Kva er kvitt i lufta og gult når det landar?
2. Kva er blått og brunt og hoppar frå tre til tre?
3. Kva er det som heng på klestativet og som rasar fram og tilbake?
4. Kor lenge et ein hund?
5. Kva er det som går opp og igjen, og aldri stoppar?
6. Kvifor har svenskane runde hus?
7. Kva er det som går ut og inn og aldri kjem til døra?
8. Kva er rundt som eit egg og langt som ein kyrkjevegg?
9. Kva er det som går rundt huset og aldri stoppar?
10. Kvifor går svenskane midt i vegen?
11. Veit du kva for tid det er når ein elefant set seg i ei seng?
12. Kva er mindre enn munnen til ein maur?
13. Kva kallar vi ein hest utan pengar?
14. Kva er ein Ladasjåfør sin største draum?



# Atomprotest frå Lysekloster skule



Til Den Franske Ambassade i Oslo:


«Vi, 20 elevar i 6. klasse på Lysekloster skule, protesterer med dette mot den franske atomprøvesprenginga som de utførde i natt i Stillehavet.

I dag song vi «Hr. president» av Boris Vian for å markera vår avsky, og det vil vi gjere dagleg i minst ei veke framover.

Vi har også bestemt oss for ikkje å kjøpe franske varer så lenge de held fram med atomprøvesprenging.


Med helsing

Helen Nordvik, Christina Aase Askvik, Nils Roger Draner, Ingvill Søviknes, Geir Myhre, Christer Bergo, Thomas Dworak, Thomas Skotheim, Rune Stangeland, Ann Helen Duesund, Helene Maurstig, Iselinn Kollen, Kari-Lise Lygre, Kristian Engelsen, Andreas Fosse, Thorbjørn Rød, Martin Brandt-Hansen, Martin Vincent Drange, Stian Sivertsen, Runne Rasmussen, Grethe Forstrønen (klassestyrar).




MAT → (FUGL)								
						1		2
				4				
			5					
	6							
					7			
	3							

Løddrett

- 2. loocom
- 4. Baseball På Norsk
- 6.  Keeperen står i et ...

vassrett

- 1. Når det er kaldt kjem det ...
- 3. Hovudstaden i Noreg
- 5.  S...t
- 7. 2. og 5. bokstav i alfabetet

# OS SANITETSFORENING - EIN VIKTIG RESSURS I OSBYGDA

av Mona Venner Solberg og Elisabeth Wik

**NÅR EIN LES ÅRBØKENE TIL OS SANITETSFORENING FRÅ STARTEN I 1913 OG FRAM TIL I DAG, BLIR EIN SLÅTT AV KOR DRIFTIGE OG FRAMTIDSRETTA SNITETSKVINNENE I OS VAR, OG ER, I SITT FORENINGSARBEID. DETTE GJELD SÆRLEG ARBEIDET FOR Å BETRA FOLKEHELSE.**

Os Sanitetsforening blei grunnlagt 25.mai 1913 av Mathias Erichsen. Paradoksalt var det altså ein mann som stod i spissen for å dra i gong kvinneforeninga i Os. Då foreninga kom i gang i 1913, hadde Mathias Erichsen, som då var ordførar, samla inn pengar i fleire år. Dette skjedde ved sal av maiblomar, julemerke og lodd i Landslotteriet. Startkapitalen var 817 kroner, og gamle rekneskapsbøker fortel at kontingenten i byrjinga varierte mellom femti øre og to kroner. - Medlemene betalte det dei kunne unnvera.

## LAGET BYGGJER SEG OPP

Det første møtet i 1913 samla 21 driftige kvinner. Men alt året etter var medlemstalet 52. Signy Grindevoll, dotter av Mathias Erichsen, blei valt til «formann». Dette vervet hadde ho i **heile 37 år**. Då ho døydde i 1979, stod det i nekrologen at ho var symbolet på ei ekte sanitetskvinne, - trygg, sterk, venleg og bestemt.

Os Sanitetsforening blei starta i 1913 som **ei** forening, men frå 1923 til 1932 vart det starta lokale arbeidslag i nesten alle krinsane. I Hegglandsdalen kom lokallaget i gong i 1923, Søre Øyane i 1924, Haugland, seinare Søre Neset, i 1925, Søfteland i 1926, Lysefjorden i 1927, Nordstrøno i 1930 og Lønningdal i 1932. Nore Neset kom til noko seinare, og i 1982 valde dei å gå ut av Os Sanitetsforening og danna eiga forening.

Dei første oppgåvene Os Sanitetsforening



*Signy Grindevoll*

kom i gang med, var å få tak i hjelpemiddel som til dømes bekken, termometer, sengetøy og irrigasjonsutstyr (utstyr til å føre væske inn i kroppen). På denne måten fungerte foreninga som ein hjelpemiddelsentral, der ein kunne låna det utstyret ein hadde trong for.

## HELSEFØREBYGGJANDE ARBEID

På denne tida herja tuberkulosen også i Osbygda, og sanitetskvinnene såg behovet for å stella dei sjuke heime. Dette førte til at den første heimesjukesøstera blei tilsett i 1915 av Os Sanitetsforening. Ein kan såleis seia at Os Sanitetsforening var pionerar på dette området i kommunen. Ikkje lenge etter, i 1919, var det tilsett tre sjukesøstre i heimesjukepleien, som var administrert og løna av Os Sanitetsforening. Dette ansvaret hadde foreninga heilt fram til 1965, då overtok kommunen ansvaret for

heimesjukepleien.

Ei anna stor oppgåve Os Sanitetsforening tok på seg, var helseundersøking av skuleborn. Dette skjedde alt i 1927, og Os Sanitetsforening var såleis den **andre** foreninga i landet som starta slikt helsearbeid. Samstundes som borna var til helseundersøking, fekk dei rettleiing i sunt kosthald, god hygiene og tannpleie. I denne samanhengen kan ein òg nemne at sanitetskvinnene frå 1933 til 1940 arrangerte «kokekurs for unge piker i 14-15-årsalderen, for at de ikke skal gå å slenge» (sitat frå årbok-1933).

I 1939 starta eit anna viktig arbeid - kontroll av spedborn. I dette arbeidet, og i arbeidet med helseundersøking av skuleborn, la sanitetskvinnene ned svært mykje arbeid, **utan** betaling. Til hjelp for å dekkja utgiftene til dette arbeidet, fekk ein midlar frå fondet til Mathias Erichsen m/hustru. Dette fondet gir også i dag stønad til barne- og ungdomsarbeidet i Osbygda. Det offentlege kom også etter her, og overtok ansvaret for helseundersøking av skuleborn på 1960-talet og helseundersøking av spedborn i 1973.

Ei anna oppgåve som sanitetskvinnene har prioritert høgt, er å støtta Os Gamleheim og Os Sjukeheim økonomisk og materielt. Her kan ein nemna at då gamleheimen blei bygd, betalte Os Sanitetsforening heile utrustninga til eit dobbelt sjukerom og eit vaktrom. Og då sjukeheimen blei bygd, gav alle lokallaga kvar si gåve. Dessutan må ein nemna to andre store gåver: I 1988 blei det gitt kr. 100.000,- til eit rehabiliteringskjøkken, og i 1994 kr. 160.000,- til ombygging av sjukeheimen, slik at ein fekk ei senil-demente-avdeling.

## EIGE HUS

Alt tidleg på 1940-talet blei tanken om eit eige sanitetshus på Osøyro til. Og i 1942 vart det sett av kr. 1300,- til eit eige byggefond. - Det første byggemøte vart halde i mars 1953. Då hadde byggefondet vakse til kr.76.000,-. I 1959 stod huset ferdig med ein kostnad på 350.000,-. Etter kvart blei huset for lite, og eit andre byggetrinn vart sett i gang på 70-talet, og i 1979 stod Sanitetshuset ferdig slik vi kjenner det i dag. Dette var eit stort økonomisk løft for Os Sanitetsforening, 1,9 mill. kroner, men bygget er i dag nedbetalt. Og med dette fekk Os

Sanitetsforening eit tenleg bygg, sentralt plassert på Osøyro.

Sanitetshuset har vore, og er framleis, eit sentralt bygg i kommunen, og blir flittig nytta av foreningar, klubbar og lag, og til møter og utstillingar m.m.. Lokala vart også i mange år nytta til møtelokale for kommunestyret. Når det gjeld nybygget frå 1979, har det vore (og blir framleis) nytta til legekontor, psykologkontor og fysikalsk avdeling med helsebad.

## OS SANITETSFORENING I DAG

Sjølv om «det offentlege» har tatt over fleire av dei oppgåvene som Sanitetsforeningen hadde ansvar for tidlegare, er oppgåvene til sanitetskvinnene framleis mange og viktige, både nasjonalt og lokalt. Blant oppgåvene som Os Sanitetsforening har ansvar for, eller gjev økonomisk stønad til i dag, kan ein nemna: Ambulansetenesta, mammografiundersøking, svangerskapskurs, fotpleie for eldre, innkjøp av tryggleiksalarmar, opplysningsarbeid av ulikt slag, økonomisk stønad til kyrkja og til barne- og ungdomsarbeid m.m.. Dessutan arrangerar Saniteten turar for eldre, trim og eldretreff. Og i seinare år har alle over 80 år i Os kommune fått blomehelsing til jul.- Dessutan yter Os Sanitetsforening økonomisk stønad til landsforeningane for kreftsjuke, hjarte-kar-sjukdomar, osteoporose, psykiske lidingar og reumatiske lidingar m.fl.

Til alle desse gode formåla treng sanitetskvinnene inntekter, og skal ein få desse inntektene, krev det mykje arbeid. Arbeidet består m.a. av å laga gevinstar til basarar og arrangera basarar, laga og selja bakverk på bakstedagar, laga og selja fastelavensris og selja maiblomar m.m. Kor store inntektene blir, heng òg saman med talet på medlemmer. Desse tala har variert nokså sterkt frå rekordåret 1972 med 1438 medlemmer, til i dag med ca. 800 medlemmer. Men trass medlemsnedgong, er Os Sanitetsforening framleis den største foreninga i Bergen- og Hordaland krets.

Det ein ikkje må gløyma, er at sanitetskvinnene har vore pionerar på fleire område, fordi dei lokalt og nasjonalt har ytt hjelp der det har vore trong for det. Og på denne måten har sanitetskvinnene vore med og vist veg for «det offentlege» i utviklinga av velferdsstaten.

Vi «unge» som er medlemmer av Sanitetsforeningen i dag, synest vi tar del i eit viktig arbeid, der det er trong for oss, og der vi er med i eit fint fellesskap, også sosialt. Men vi treng fleire medlemmer i fellesskapet og i ar-

beidet med stadig nye oppgåver, til glede, gagn og medansvar for våre medmenneske, og for oss sjølv. Vi ønskjer difor nye medlemmer hjarteleg velkomen.

## JULEKVELD

av Henning Henriksen

*Du stjerne i frå julenatt  
me ønskjer deg velkomen att  
med lys til våre strander.*

*Me treng ditt lys, me treng din fred  
som stråler over jorda ned  
til folk i alle grender.*

*Du barn som i ei krubbe låg  
der gjætarane først deg såg,  
med glede me deg helsar.*

*Du kjem med fred til oss på jord  
- som det er sagt i Herrens ord -  
som menneske og frelsar.*

*Du er vår venn, du er vår bror  
som Faderen har sendt til jord  
på ny ved juletider.*

*Du har den glade budskap med  
om faderkjærleik og om fred  
til alle dei som lider.*



# OM ØVREIDSÆTRA - STØLSLIV - OG LITT TIL

av Kåre Herdlevær

**DET KNYTER SEG MANGE MINNE TIL STØL OG STØLSLIV I OS. MEN SLIKE MINNER GÅR ETTER KVART I GLØYMEBOKA NÅR DEN ELDRE GENERASJON DØYR UT. HELDIGVIS FINST DET ENDÅ FOLK SOM KAN SEIA NOKO OM SLIK TIDA VAR.**

*«Me hadde so dårleg beite heima at me måtte ha beite i Sætramarkjo. Sætramarkjo va ved Øvreidsætro. Når du går igjøno Hjemdalsskaret og ner te Krokvatnet, kjeme me te Sætramarkjo. Ho rokk darifrå og ut igjøno Gongedalane lika te Stokkedalen.*

*Gongedalane va berre noke me kalte dei. Når me gjekk ner Hjemdalsskaret te Krokvatnet, so tok me te vinstre te fyste dalen og so e da ein ås og so ein vei. Difor heite da Gongedalane. Dar e to dala. Når me kjeme ner Hjemdalsskaret dar frå da høgaste, dar heite da Årøyane».* Ja, slik fortel Lisa Ingebrigtsen i ein samtale Gudrun Heggland og underskrivne hadde med henne, då me ville vita meir om Øvreidsætra. Lisa, som no er nærare 85 år, har eit svært godt minne, og dessutan ei forteljarrevne og forteljarglede som gjer det til ein fest å høyra på.

Og ho held fram: *«Tantena mine, so gjekk på setro so lenje me hadde mjelkekyr dar, fortalte at: «Oppå Rishøgdo dar snudde me oss allti og såg te Fusakyrkjo. Da syntes me va so fint.»* - Rishøgdo er der vegen flatar av når me går opp Hjemdalsskaret.

Lisa kjem frå brnr. 1 på Øvreeide, på folke-  
munne kalla «Nilsane». Innanfor ligg brnr. 2, «Jonane», og utanfor brnr. 3, «Knutane».

Øvreeidsæter, som er eigd av garden Øvreeide, ligg langs det ein tidlegare kalla Byveien, som gjekk over Hjemdalsskaret til Gåssand og vidare gjennom Byskaret til Søfteland og så vidare nordover. Det Lisa fortel

om stølslivet på sætra har ho ifrå tantene sine, for då Lisa vaks opp var den del av stølslivet slutt.



*Lisa Ingebrigtsen f. Øvreeide*

Bror til Lisa, Nils, som no er avliden, har fortalt at han hugsa at restane av det gamle støls huset stod. Det hadde ei todeling, med eit mindre ytterrom og eit noko større rom innanfor. Tømmeret hadde god mannshøgde og var vendt nord - sør. Inngangsdøra var frå aust i det nordlege hjørna, slik at ein kom inn i det minste rommet ytst. Veggene var fine og lyse. Sikkert sandskurte gjennom generasjonar. Det var restar etter su- og nevertak med torvdekke over. I sjølve bua var det hyller på vestre vegg. På sørveggen var det eit vindauga med restar etter 4 glastruter.

Etter som Lisa minnest må dette vera det selet som far hennar og Knuta-Tomassen



(brnr.3) bygde opp. Dei sleit fælt med å få opp att selet, med handamakt. Dei bar bølgebleket på ryggjen i frå Øvreeide og til sætrahytta. Det gamle selet «for til inkjes», men var truleg bygd ekring 1650. Det står eit årstal frå den tida på sætra som står no, men dette årstalet er skore inn då sætra vart vølt i 1979.

Lisa fortel vidare: «Men so hadde da seg slek at Jonanesætro datt ner og då fortalde far at då fekk ei jenta hos Jonane liggja i deira sæter. Da va fira køya med veggjen, dar va da plass te fira jente, to på kvar sida. Da va to av tantena mine so måtte gå på sætro, for Knutane va so lite følka (dei var so få) at ei av tantena mine måtte gå for Knutane òg.



Øvreidsætra slik den står idag

So gjekk dei nordøve klokko fira om ittemiddajen, men da va so vansjeleg for dei hadde `kje klokka. Eg hadde ei tanta so heitte Agate. Ho sa at dei måtte gå ut når dei vakna om natto og sjå om kløveren hadde opna seg, då va da tid å gå på stølen.»

Frå eldre tider kjenner me godt til at dei hadde tidmerke, og dette med kløveren er eitt av dei. Noko å tenkja på for oss med digitalur på armen og mobiltelefon i brystlomma, levande redd for å ikkje nå dagsrevyen eller ikkje få tatt den telefonen du så inderleg vel kunne ha venta med til seinare.

Men då gamle Tøbmes-Nilsen på Møs (Midthus), lånte vekk vekkjaruret sitt, var det nokon som var krye fordi dei hadde fått klokka.

Og Lisa fortel: «Og då mjelka dei om kvelden og so sette dei mjelkjo te avkjøling i Sætrabekken, attme kloppo so gjekk øve. Og

so reiste dei opp klokko fira om morninjen og gjekk og mjelka. Dei hadde ei bytta,ei trebytta, med nokre nevrategte te fatla te å ha mjelkjo i. Og då bar dei mjelkjo itte kvelden, dan bar dei frabme og dan varma mjelkjo på ryggjen og so heim te meieriet og separera. So arbeidde dei heima med slåtten te klokko va fira og so va da nordatt igjen. Ein time brukte dei og då gjekk dei fort, ja dei va lett på foten».

Men det var slett ikkje sikkert at kyrne var der dei forlet dei om morgonen, eller om kvelden. So det kunne bli ein lang marsj, i tillegg til turen opp til sætra og ned igjen, både kveld og morgon.

Fottøyet var tresko, og den som har brukt det veit godt at det er ikkje lett å få opp farten med slikt på beina. I frå Krokvatnet og opp Hjemdalsskaret hadde dei «beija» (flytt) elva borttil berget og so gjekk dei i det gamle elvafaret. Ikkje å undrast at ein mann sa: «Har dei gått her i desse steinane, e` da løyve dei går med to stava.»

Ja, Lisa skulle no kjenna til dette å gå i gamle elvafar, i tresko. Ho fortel sjølv: «Men eg sei da eg, heila ti`o frå eg va tolv år te eg va toogtjue va da eg so måtte gå og sjå itte kydna. Då sku eg berre ta å mjelka dei so da va kome litt mjelk i. Dra or dei. For da va slek at når dei kom i mat, so fekk dei meir mjelk. Eg gjekk forbi Øvreidsætro, for dei for og rak adle sta. Og då va da at besten sa at fidne du dei ikkje dar so går du dar. Og so lagde han eit kart te meg. Men eg gjekk `kje ette kart. Og dar gjekk eg i ti år. Eg brukte `kje sætro. Eg gjekk opp og ner. To gongje i veko. Somtid grein eg når eg leita.»

Stølslivet med å ha mjølkekyr ved Øvreidsætra var det slutt med fram mot 1910. Til då separerte dei mjølka på meieriet i Hegglandsdalen, for meieriet var eit sokalla smørmeieri. Men då dei slutta med det og leverte mjølka til byen med toget, då måtte dei ha mjølkekyrne i heimemarka. Då vart det også utskifting, slik at kvar gard fekk si utmark. Brnr. 1 hadde brattlende på andre sida av veggen som si utmark.

Lisa fortel: «Då vart da utskifting i markane og difor va da me møste so monge kyr, for me hadde so stygg utmark. Brekkena opp for Øvreide. Første minnet eg kan ha so eg kan seia spesielt va då hesten vår rudla utføre og

slo seg ihel. Og då va Jon Øvreid i militære. Han hadde grøne kle, da huska eg, og so ropte han te faren. «Kor ska eg stikka?» - Å, so me grein. Da va Gamla-Frøyo so hadde rudla utføre.»

Etter at støslivet tok slutt vart Øvreidsætra meir eller mindre til nedfalls ei tid.

Sauene gjekk inn der so det vart nokså ufjelgt inne. Lisa fortel: «Me va nokre jentonga so fann på me sku te Øvreidsætro ein laurdagskveld og so sku me liggja øve. Da va då me gjekk te presten. Da va Sofie i Eikhaugen og Magdaleno og Anni Eio og Borghild og so meg. Dei klarde å liggja idne, men Magdaleno

og eg me la oss ute på bakkjen. Da va `kje mulig for oss å liggja idne. Da va so sterk sau-lokt. Me kudne lika godt liggja i sauabinjen.»


Nokre karar som likte å gå i fjellet sette sætra i stand. Seinare har den blitt vølt på og er i bra stand no, men det er berre minner etter det støslivet som Lisa fortel om. Dei som no ser framom setra tar seg gjerne ein pust i bakken, set seg i solveggen og et nista si. Men tenkjer vi over kva arbeid og slit, men også gleder, støslivet i eldre tider førde med seg? - Å nei! - Då kan kanskje dette vesle stykket minna oss om dei utfordringane folk hadde i sitt daglege strev, både her i bygda og i andre bygder.

Løysing

- |                           |                                  |
|---------------------------|----------------------------------|
| Løddrett                  | vaseret                          |
| 2. loooom                 | 1. Når deler kaldt kjern det ... |
| 4. Byse ball på norsk     | 3. Hovudstaden i Noreg           |
| 6.  Kopperen står i et... | 5.  ...T                         |
|                           | 7. 2. og 5 bokstav i alfabetet   |

1

Kvalitet i samarbeid med



Flåten Senter, 5200 Os, Tlf. 56 30 66 50

Telefon: 56 30 04 80

*Total leverandør av finansielle tenester*

**K KREDITKASSEN**  
CHRISTIANIA BANK OG KREDITKASSE

Postboks B2  
5201 OsKontoradresse:  
BjørnegårdenTelefon:  
56 30 07 80Telefax:  
56 30 27 37S.W.I.F.T.:  
XIAN NO KK BGOTelex:  
42 760 cbkbr nK-telefon:  
22 71 01 01

Blomar og planter  
i store parti  
me kjøper og sel  
frå vårt gartneri.

**a/s byssand**  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

*Me har alt du treng som malar  
når du eigenhendig balar.  
Men me hjelper gjerne til  
når du sleppa mala vil.*

**MALERMESTER**  
**ARNE STRØNEN** 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

**OS MÅLLAG**

SKIPPA 1920

Styret:

Leiar: Reidar Bremerthun

Nestleiar: Bjørg Eide

Kasserar: Lars Skorpen

Styremedl.: Anders Bjørkelo

Skrivar: Ruth Søviknes

*Ta kontakt med eit av styremedlemene.*

## OSINGAR!

**VINTEREN KJEM NOK I ÅR ÒG...  
ER ALTERNATIVET VURDERT ?**

**SOM OSING SKAL DU VETA AT :**

- \* Linjene 620/630 Osøyro/Halhjem passerar Os 47 gangar på veg til Bergen alle kvardagar.
- \* Periodekort mellom Os og Bergen kostar kr. 810 for ein måned.
- \* Periodekortkundar i snitt nyttar korta sine 48 reiser pr.månad.

**TENK SMART -  
REIS SAMAN**



*Me har alt det som du søker  
av skrivesaker og av bøker.*

**M.K. OLSEN**  
Bok og papirhandel

Os - ☎ 56 30 04 30  
Fax 56 30 29 80

*Roser og plantar  
av mange slag,  
til kvardagsbruk  
og i festleg lag!*



**Halhjem Gartneri** 5227 Søre Neset  
Tlf.: 56 30 51 78 – Fax: 56 30 62 53

## OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet  
for norske folkedansar:

Songdans, turdans,  
gamaldans og  
bygdedans.

Sjå lysing i  
Os & Fusaposten

## Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

**M. HAUGE'S**  
*Planterekole*  
Moberg – 5200 Os  
Tlf. 56 30 03 60.

## Kvalitet!

– VERKTØY –  
– MASKINER –  
– REDSKAP –  
for  
HUS OG HAGE

**JERNÅ**

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

# INTERCONSULT AS

TIDL.  
ØSTLANDSCONSULT OG TAUGBØL & ØVERLAND

RÅDGJEVANDE INGENIØRAR



AVD. OS.

Bjørnegården, Pb. 29, 5201 OS

Tlf.: 56 30 06 90 - Fax 56 30 24 74

**IC** er et frittstående, rådgjevande ingeniørfirma med kontor over heile landet.

Vil tilbyr rådgjeving og prosjektering innan fagområda:

**VAR-TEKNIKK SAMFERDSEL AREALPLANLEGGING BYGGTEKNIKK**



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



**RENOVASJON -  
CONTAINERSERVICE**

*Tek på meg all slags bosskøyning.*

Ring tlf. 56 30 53 14 - 56 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. 56 30 16 17

Mobil tlf. 94 56 79 35 - Mobil tlf. 94 55 18 31

Levert av

ROSESPESIALISTEN

*Lunde's Gartneri*

5220 Hagavik

Telefon 56 30 50 45 - Telefax 56 30 63 40

*Buketter og dekorasjoner*

Me har stolar og sofakrok der du kan kosa deg med ei bok.

Me har også seng og bord, både for liten og for stor.

**Møbelservice  
på Sjøteland**

Tlf. 56 30 71 70 - 56 30 72 31 Fax. 56 30 74 35

## LARS LEKVEN

SIV. ARKITEKT MNAL NPA  
ROSENBERGSGT. 42 5015 BERGEN

TLF.: 55 32 79 50

FAX.: 55 32 90 64

**FERDIGMAT**

**Tilbud** Luksussnitter **12<sup>50</sup>**

**Tilbud** Luksus koldtbord **135<sup>00</sup>**

**LEVERER OGSÅ SØNDAGER**

☎ **56 30 10 55**

*Til kjøkken, bad og vaskerom  
har vi det meste, så berre kom  
og kjøp det du treng, vi installerar,  
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



**Sverre Samdal**  
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat: 56 30 02 55  
Kontor: 56 30 15 83  
Mobil: 94 57 14 61

# ARKA AS

---

---

Bli abonnent du òg!

---

---

*Her finn du  
SISTE NYTT  
om det som hender  
i heimbygda di!*

## **OS & FUSA POSTEN**

Boks 272 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg  
Me mjuke tepper på golvet legg  
Me skaffar gjødsel til hagen din  
så plenen veks seg grøn og fin

**A.s Os Fargehandel**  
INTERIØREN

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

*Roser og  
dekorasjonsplanter  
Gartneriutsal*

**Erling og Terje Lunde - Gartneri**  
5227 Søre Neset - Tlf. 56 30 52 28

## DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSKAP

Hos oss kan du få dekk dine  
totale forsikrings- og lånebehov

*Ta kontakt med oss!*



## GJENSIDIGE Vest


Os Tlf. 56 30 04 88  
Eikelandssosen Tlf. 56 58 15 20



## *EIN STABIL OG TRYGG BANK*

*- MED GODE TILBOD  
TIL PERSON OG  
BEDRIFT*

**SPAREBANKEN  VEST**



*På Flåten Senter finn du alt  
frå moteklær til smør og salt.  
Der kan du gå i ro og mak  
og handla etter råd og smak.*

**FLÅTEN  SENTER**

*...har alt!*

Tlf. 56 30 03 50

## Svar på gåter

1. Egget
2. Eit ekorn i joggedrakt
3. Undik med påhengs
4. Til han er mett
5. Gro Harlem Brundtland
6. For at hundane ikkje skal tisse i hørna
7. Skuffa
8. Garnnøsta
9. Gjerdet
10. Dei er redde for ville blommar
11. Tid for ny seng
12. Tennene til ein ~~matt~~ *HUR*
13. Blakk
14. Å bli tatt i ein fartskontroll

## Svar på spørsmål

1. Glåma
2. Mississippi
3. Kina
4. Mount Everest
5. Storbritannia
6. Stillehavet

Når reiselysten veks seg stor  
hos folk som bur ved Bjørnefjord,  
kan dei alltid gå  
til vårt reisebyrå.



**OS REISEBYRÅ** AS



POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. 56 30 11 90  
TELEFAX 56 30 27 01



# Den norske Bank

**Vi har mulighetene – du har valget!!!**



**OSKRAFT** AS

— Rein energi —

TLF. 56 30 03 00

*Din lokale kraftleverandør*



**Os MÅLLAG**

**75 ÅR**

**1920 - 1995**



**Oberst Haukeland avdukar minnestøtta i Minneparken 1946.  
Foto: Lokalhistorisk arkiv.**



**Minnesteinen over russiske krigsfanger. Avduka 1946. Marie Østrem bak.  
Foto: Lokalhistorisk arkiv.**